



HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I NISSEDAL KOMMUNE 2025- 2027

Vedteke av kommunestyret i k-sak 13/26 den 22.1.2026



Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

Forord

I august 1997 blei det utarbeidd plan for trafikksikring for Nissedal kommune i samband med at 6-åringane byrja i grunnskulen.

Målet med ein kommunal plan for trafikksikring er å auke kommunen sin innsats i trafikksikringsarbeidet. Planen skal synleggjere utfordringa på området, og korleis kommunen kan bruke egne ressursar og samarbeide med andre for å skape større trafikktryggleik slik at død og alvorlege ulukker blir unngått.

Statistikk for trafikkulykker i Nissedal kommune:

- 2016- 6 trafikkulykker, 0 drepte
- 2017- 7 trafikkulykker, 1 drepte
- 2018- 0 trafikkulykker, 0 drepte
- 2019- 4 trafikkulykker, 0 drepte
- 2020- 3 trafikkulykker, 0 drepte
- 2021- 0 trafikkulykker, 0 drepte
- 2022- 0 trafikkulykker, 0 drepte
- 2023- 5 trafikkulykker, 0 drepte
- 2024- 3 trafikkulykker, 0 drepte

Kilde SSB

Planen skal òg synleggjere prioritering av fysiske tiltak som grunnlag for å få statleg stønad til planlegging og gjennomføring av tiltak på barns skuleveg på riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.

Arbeid med trafikksikring er prega av samarbeid mellom avdelingar og relevante aktørar som transport, vegutbygging, politi/lensmannsetat, skule og andre som arbeider med barns og unges oppvekstmiljø.

Dei som skal delta ved ny rullering av planen:

Ordførar	Ian Parry Jones, leiar
Kommunedirektør	Sverre Sæter
Skule: Kommunalsjef oppvekst og kultur	Reidun Carol Retterholt
Politi:	Marie Kornmo Enger
Transport	Telemark Bilruter
Plan og teknikk	Ivar Ståle Hågensen

Trafikksikringsplanen skal godkjennast av kommunestyret.

Rullering av planen har teke utgangspunkt i tidlegare planar som er utarbeidde etter mal for kommunale trafikksikringsplanar, og med "Veileder for trafikksikker kommune" som er laga av Trygg Trafikk.

Visjon.....	3
Kriterium for trafikksikker kommune.....	3

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

Forholdet til andre planar.....	4
Generelt om trafikkforhold i Nissedal kommune	4
Sjekkliste for kommunedirektør	5
Sjekkliste for skule.....	6
Sjekkliste for barnehage.....	6
Sjekkliste for teknisk drift.....	7
Sjekkliste for velferd.....	8
Sjekkliste for kultur.....	8
Kontroll og overvaking	8
Handlingsplan	9
Prioriterte tiltak i handlingsplanen for 2025-2027	11
A. Kommunen.....	11
B. Statens vegvesen	11
Rullering av handlingsplan for trafikksikring.....	11
Administrative og budsjettmessige konsekvensar.	11

Visjon.

0 drepne og 0 alvorleg skadde i trafikken i Nissedal kommune .

Kriterium for trafikksikker kommune

- Kommunen har forankra ansvaret for trafikksikringsarbeidet hos ordførar og kommunedirektør. Delansvar kan ligge hos den enkelte avdelingsleiaren.
- Kommunen har eit utval med ansvar for trafikksikring.

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

- Kommunen har innarbeid trafikksikring i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunens regi og ved kjøp av transporttenester.
- Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- Kommunen har ein trafikksikringsplan som er forankra i fylkets trafikksikringsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Planen tek vare både på haldningsskapande/trafikantrretta- og fysiske tiltak.
- Kommunen har innarbeidde kriterium / sjekklister for einingane i kommunen.
- Kommunen påverkar lag og foreiningar til å innarbeide reglar for trafikksikring i verksemda si.

Forholdet til andre planar

Gjeldande kommuneplan er tydeleg på kva rolle trafikksikkerheit har på samfunnet vårt:

4.1.7

I Nissedal har me eit inkluderande og trygt samfunn, med levande grender og eit felles sentrum i Treungen

Det betyr at:

- Me har god infrastruktur
- Me har fokus på samfunnstryggleik i all kommunal planlegging
- Me tek omsyn til farerisiko knytt til klimaendringane
- Me har fokus på trafikktryggleik
- Me ser universell utforming som eit viktig ledd i inkludering og livskvalitet, og legg til grunn at alle tiltak på kommunale bygg tek omsyn til universell utforming
- Me har spesiell fokus på risiko for flaum og tiltak for å hindre/reducere det
- Me har aktive lag og organisasjonar som er opne for alle
- Me har attraktive møteplassar for aktivitet, underhaldning, oppleving og sosial interaksjon
- Me har stor breidde av fritidsaktivitetar
- Me arbeidar målretta for at born og unge skal føle seg inkludert, og vere gode til å inkludere andre

Førre kommuneplan hadde følgjande tekst:

"Langs Rv 41 går det og mykje (til dels tung) trafikk, og den store graden av pendling inn til og ut av kommunen gir mykje trafikk. Rv 41 går rett gjennom fleire tettstader i kommunen. Dette gir oss ei særleg utfordring med trafikktryggleik".

Dette er eit heilt sentralt punkt i arbeidet med trafikkplanen. Det er også mange andre planar, som til dømes gjeld skule, hytteutbygging, bustadfelt og barnehage, og som også vert nytta i arbeidet med trafikktryggleik i Nissedal kommune.

Generelt om trafikkforhold i Nissedal kommune

Riksveg 41 går forbi Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og Kyrkjebygda oppvekstsenter. I løpet av dei siste åra har biltrafikken auka betydeleg. Dette har samband med blant anna auke i fritidsbustader.

Treungen har ein godt utbygd gang- og sykkelveg der ein kjem trygt fram til skulane og barnehagen.

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

Fylkesveg 514 ved Fjone barnehage og SFO, har nedsett fartsgrense. Skuleplassen er sikra med gjerde og bom, men avkøyrsla er bratt og uoversiktleg. Ved etableringa av SFO blei det satt opp gjerde mot FV 514

Fylkesveg 515, ved Felle barnehage og SFO, har nedsett fartsgrense. Barnehagen ligg ved kommunal veg. Uteområdet er sikra med gjerde. Det vart i 2016 bygd fartsdumpar på den kommunale vegen som går forbi.

Barnehagen i Treungen ligg ved kommunal veg og er sikra med gjerde og port ut mot vegen. Ved ombygging av barnehagen 2011 blei trafikken i tillegg sikra med rondell. Denne er fjerna, då køyremønsteret fell naturleg for av og på stigning. Den var også i vegen for varelevering og brøyting/soping.

Fylkesveg 512 ved Haugsjåsund grendehus har nedsett fartsgrensa og er sikra med gjerde og port ut mot vegen og vatnet.

Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg ved Rv 41. Det er gode gjerder med porter og sikra godt mot Rv 41

Fjalestadvegen. Bra dekke. Vurdert som sikker veg.

Haukerhylvegen. Denne vegen har fått auka trafikkmengd i dei siste åra. Dekket er bra.

Tveitanevegen blei reparert før nokon vann skade og utvasking hausten 2025

Kleivvegen. Vegen rust opp med nye grøfter og dekke i 2018. Det vil bli utført vedlikehald på bru sommar 2026

Parkering Felle grendehus

Betre sikring ved bruene frå butikken til Fjone barnehagen. Krokane bru har fått nytt rekkverk.

Sjekkliste for kommunedirektør

- ✓ Trafikksikringsarbeidet i kommunen er forankra hos ordføraren og kommunedirektør.
- ✓ Kommunedirektør rapporterer årleg til kommunestyret.
- ✓ Kommunen har eit utval med ansvar for trafikksikring.
- ✓ Kommunen har rutinar for handtering av avvik.
- ✓ Kommunen har innarbeidd trafikksikring i HMS/internkontrollsystemet.
- ✓ Kommunen har reglar for reiser og transport i kommunens regi.
- ✓ Trafikksikkerheit er et årleg tema i kommunens arbeidsmiljøutval (AMU).
- ✓ Kommunen har reglar ved kjøp av transporttenester.
- ✓ Kommunen har ein operativ trafikksikringsplan med rullerings- og rapporteringsrutinar.
- ✓ Planen omfattar både haldningsarbeidet og fysiske tiltak.
- ✓ Alle kommunens areal- og reguleringsplanar blir vurderte i høve til trafikksikring.

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

- ✓ Alle areal- og reguleringsplanar skal leggest fram for barnas talsperson.
- ✓ Kommunen har ein oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell i kommunen.
- ✓ Kommunalsjef har rapporteringsansvar overfor kommunedirektøren for tiltak innanfor eigen sektor (jf. trafikksikringsplanen).
- ✓ Trafikk og trafikkulykker inngår i kommunens folkehelsearbeid.
- ✓ Kommunen har et system for å behandle søknader om skyss.
- ✓ Kommunen har implementert kriteria for «Trafikksikker barnehage».
- ✓ Kommunen har implementert kriteria for «Trafikksikker skule».
- ✓ Kommunen har konkrete tiltak for å påverke frivillige lag og organisasjonar til å integrere retningsliner for transport i eiga verksemd.
- ✓ Kommunen har oppfylt kriteriene for den enkelte sektor.

Sjekkliste for skule

- ✓ Skulen har i samarbeid med FAU, anbefalingar til forsette om sykling til skolen.
- ✓ Skulen har integrert trafikkopplæring i årsplanen på dei ulike stega i samsvar med kompetansemåla i Kunnskapsløftet:
 - Skulen har hjelpåbod for elevane ved sykkelturnar i skulens regi.
 - Sykkelopplæring i skulen inneheld teori, trening i dugleik og sykkeltraining i miljø med trafikk.
 - Sykkelopplæringa blir gjennomført over tid på mellomsteget.
 - Personleg verneutstyr som sykkelhjelm, refleks og bilbelte inngår i undervisninga på småskulesteget, mellomsteget og ungdomssteget.
 - Sykkelreglar for gåande og syklande er ein integrert del av undervisninga på småskule- og mellomsteget.
- ✓ Skulen har utarbeidd retningsliner for turar til fots, på sykkel, med bil og buss:
 - Retningslinene er nedfelte i internkontrollforskrifta til skulen.
 - Retningslinene blir fylgde opp årleg.
 - Retningslinene er gjort kjent for elevar, tilsette og føresette.
- ✓ Det er utarbeidd rutinar for handtering av ulykker.
- ✓ Skulen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/ årsplan i tråd med kunnskapsløftets kompetansemål.
- ✓ Skulen har årleg trafikksikring som tema på foreldremøte.
- ✓ Skulen har ein trafikkansvarleg lærar.
- ✓ Skulens læreplan for trafikk er årleg tema på foreldremøtet.
- ✓ Foreldre blir involvert i skulens trafikksikkerheitsarbeid for eksempel gjennom Foreldrenes arbeidsutval (FAU)
- ✓ Skuleleiinga har kartlagt nærområda til skulen med tanke på risikofaktorar, slik som parkering, kryssingspunkt, belysning, vegetasjon m.m. Kartlegging og eventuelle forslag til utbetringar er rapporterte til leiargruppa i kommunen.

Sjekkliste for barnehage

- ✓ Barnehagen har gjennomført opplæringa i samsvar med årsplanen.
- ✓ Barna får opplæring i reglar for fotgjengarar.
- ✓ Barna lærer om ulike skilt.
- ✓ Barnehagen trenar barna i ulike situasjonar i trafikken.

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

- ✓ Barna lærer å krysse vegen/ikkje trygt i gangfelt/blikk-kontakt, ikkje krysse før bilen har stansa.
- ✓ Barna lærer om refleks, sykkelhjelm og bilbelte.
- ✓ Barnehagen har utarbeidd retningsliner for:
 - turar til fots, med bil og buss
 - parkeringa til tilsette og foreldre utanfor barnehagen
 - kartlagt uteområdet utanfor barnehagen med tanke på risikomoment.
- ✓ Det er utarbeidd reglar for talet på barn pr vaksen ved turar utanfor barnehagens område.
- ✓ Det er utarbeidd rutinar for handtering av ulykker.
- ✓ Barnehagen har årleg trafikksikring som tema på foreldremøte.
- ✓ Det blir stilt krav til transportøren om forsvarleg sikringsutstyr ved bestilling av buss/minibuss.
- ✓ Ved turar med buss eller bil skal må alle fylgje gjeldande lovverk og retningslinene til barnehagen.
- ✓ Det blir stilt krav til bruk av fluoriserande vestar ved alle turar utanfor barnehagen.
- ✓ Barnehagen påverkar foreldre til å sikre barna på veg til og frå barnehagen
- ✓ I samband med at føresette hentar og leverer barn, har barnehagen fokus på:
 - Porten i barnehagen skal alltid vere stengd.
 - Ved henting skal ingen barn forlate barnehagen utan saman med føresette.
 - Utanfor barnehagen skal bilane parkerast slik at risikoen for ulykker ved rygging blir redusert.
- ✓ Barnehageleinga har kartlagt barnehagens nærområde med tanke på risikofaktorar, slik som parkering, kryssingspunkt, belysning, vegetasjon m.m. Kartlegging og eventuelle forslag.

Sjekkliste for plankontoret

- ✓ Trafikksikringa skal vurderast og vektleggast for alle nye byggeområder ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel.
- ✓ Trafikksikkerheita skal vurderast og vektleggjast ved behandling av reguleringsplanar.

Sjekkliste for teknisk drift

- ✓ Avdeling for teknisk drift har utarbeidd prioriteringsliste for fysiske trafikksikringstiltak på kommunale vegar som blir rullert årleg.
- ✓ Avdeling for teknisk drift har prioriteringsliste for trafikksikringstiltak på fylkes- og riksvegar som blir rullert årleg.
- ✓ Avdeling for teknisk drift har rutinar for å søke fylkeskommunale midlar til fysiske trafikksikringstiltak.
- ✓ Avdeling for teknisk drift har rutinar for brøyting/snørydding på skulevegar.
- ✓ Avdeling for teknisk drift har system for å kvalitetssikre reguleringsplanar i forhold til trafikksikring.
- ✓ Avdeling for teknisk drift har rutinar for å kvalitetssikre trafikksikring i samband med anleggsverksemd i kommunen.
- ✓ Avdeling for teknisk drift har utarbeidd rutinar for handtering av innspel om trafikksikring frå andre einingar/organisasjonar og publikum

Sjekkliste for velferd

- ✓ Arrangerer trafikksikringskurs for tilsette i heimetenesta.
- ✓ Arrangerer kurs for helsesystema i kommunen (barn i bil, trafikkopplæring/-oppsetting, refleks m.m.).
- ✓ Helsestasjonen har utarbeide dokumentasjon for når og hvordan trafikksikkerheit integrerast i møte med foreldre og barn.

Sjekkliste for kultur

- ✓ Sender ut informasjon til lag og foreningar om eventuelle fylkeskommunale midlar til åtfersdretta trafikksikringstiltak.
- ✓ Stimulerer lag og foreningar til å innarbeide reglar for transport/ reisepolicy innanfor eiga verksemd.
- ✓ Arrangerer trafikksikringskurs for folk over aktuelle grupper i regi av Trygge Nissedal.

Sjekkliste for kommuneoverlegen

- ✓ Kommuneoverlegen er kjent med kommunens trafikksikkerheitsarbeid.
- ✓ Kommuneoverlegen medverke til at kommunens fastlegar har tilstrekkeleg kjennskap til vegtrafikklova §34 og korleis den kan brukas for å redusere risiko for trafikkulykker.

Kontroll og overvaking.

- Politiet og Statens vegvesen gjennomfører årlege trafikk-kontrollar ved skulane og langs skulevegane, spesielt ved skulestart.

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

Handlingsplan

Område	Tiltak	Ansvar
Nissedal	1. Fotgjengarfelt med intensivbelysning ved Kyrkjebygda oppvekstsenter.	1. Vegvesenet
	2. Utskiftning av gamle gatelys HQL 125W Framnesfeltet Nissedal.	2. Kommunen
	3. Nedsett fartsgrense til 40 km/t gjennom Kyrkjebygda sentrum.	3. Vegvesenet
	4. Autovern og møtelommer på fylkesveg 353 mot Kyrkjebygdheia frå Rv 41 til Døla.	4. Kommunen
	5. Redusert fartsgrense frå 80 til 50 km/t Kyrkjebygdvegen.	5. Vegvesenet
	6. Busslomme i Nordbygda.	6. Vegvesenet
	7. Fartsgrense i Sundsodden	7. Vegvesenet
	8. Fartsdemping og belysning i Kyrkjebygda	8. Fylkeskommune
	9. Gangveg Kyrkjebygda-Skeimo	9. Fylkeskommune
Treungen	1. Parkering Tveit barneskole	1. Kommunen
	2. Fotgjengarfelt med intensivbelysning på Kåsasletta.	2. Vegvesenet
	3. Utvide Bjortjønnebrua langs riksveg 358 mot Gautefall.	3. Fylkeskommune
	4. Sikring/tryggleik for syklende, gåande og rullestolbrukarar på Tveitsund bru. Ny bru er under planlegging	4. Vegvesenet/kommunen
	5. Skilt om tidsavgrensa trafikk på vegen bak fleirbrukshuset mot småskulen.	5. Kommunen
		6. Kommunen

Handlingsplan for trafikksikring, Nissedal Kommune

	6. Fartsdemping på Sollivegen 7. Legge fylkesveg 358 ved kyrkja til å vere bak bedehuset for å sikre mjuke trafikantar.	7. fylkeskommunen
Haugsjåsund	1. Nedsett fartsgrense til 40 km/t ved grendehuset og 50 km/t etter bustadfeltet i retning Eikhom. 2. Busslomme ved campingplassen 5. Fartsdemping på Haugsjåsund	1. Vegvesenet 2. Vegvesenet 7. Vegvesenet
Felle	1. Gang og sykkelveg langs fylkesveg med belysning 2. Gang og sykkelveg langs Skålivegen til barnehage/SFO og kapell med belysning	1. Fylkeskommune 2. Kommunen
Fjone	1. Legge om vegen Fv 514 forbi Nisser hyttegrend og camping. 2. Utviding av vegen forbi «ovnen» (FV 514) 3. Betre skilting og utviding av brua over Nøraksåna (FV 514) 4. Avkøyring frå barnehagen/SFO.	1. Fylkeskommunen 2. fylkeskommunen 3. fylkeskommunen 2. Fylkeskommunen og Kommunen
Generell	1. Siktrydding hos private ut mot offentleg veg. 2. Siktrydding på kommunal veg. 3. Skogrydding langs Fjonevegen. 4. Gå i dialog med busselskapet om bilputer for dei minste elevane i skulebuss	1. Vegvesenet/private Fylkeskommune og Kommune 2. Kommunen 3. Kommunen 4. Kommunen

- Gul boks** - gjennomført
Rød boks - ny tiltak
Grønn boks - gjennomført, og held fram

Prioriterte tiltak i handlingsplanen for 2025-2027

A. Kommunen

Prioritert handlingsplan for 2025- 2027:

1. Fortsett arbeida som trafikksikker kommune
2. Årlege fokusdag på tryggleik i trafikken i skule og barnehagar
3. Gangfelt Haugsjåsund byggjefelt
4. Parkering Treungen barneskole
5. Trafikksikringsplan rundt tveit skule/ fleirbrukshus
6. Siktrydding
7. Haldningsskapande arbeid om siktrydding, sikring av barn i bil og trygg skule
8. Årleg møte med einingar
9. Fast punkt i AMU møter
10. årleg møte med statens vegvesen og fylket

B. Statens vegvesen

1. Nytt vegdekke på Rv 41.
2. Nedsett fartsgrense til 40 km/t gjennom Kyrkjebygda, samt fotgjengarfelt med intensivbelysning.
3. Sikring/tryggleik for syklende, gåande og rullestolbrukarar på Tveitsund bru.
4. Ny Tveitsund bru.
5. Fartsdumpar og sette ned fartsgrensa på Haugsjåvegen frå 50 til 40 km/t gjennom "byggjefeltet".

Rullering av handlingsplan for trafikksikring

Handlingsplan for trafikksikring blir rullert i 2027.

Planen blir rullert annakvart år i november.

Administrative og budsjettmessige konsekvensar.

Nissedal kommunes trafikksikringsutval bør halde fram med dagens organisering.

Nissedal kommune bør avsette midlar til konkrete tiltak i budsjettet. Det vil då danne grunnlag for å søke tilskot om opptil 50 % av prosjektkostnadene.